



DEI TI FRIVILLIGPOLITISKE BODA

1. KJENN FRIVILLIGHEITA I KOMMUNEN DIN

Hent inn kunnskap om dei frivillige organisasjonane. Kva driv dei med? Kva mål, ressursar og utfordringar har dei? Vil dei samarbeide meir med kommunen, næringsliv, eller organisasjonar?

2. VEDTA EIN KOMMUNAL FRIVILLIGPOLITIKK PÅ TVERS AV SEKTORAR

Inviter heile breidda av organisasjonar til dialog. Tenk frivilligheit i all kommunal planlegging. Politikken bør reviderast ved nytt kommuneval.

3. ANERKJENN ORGANISASJONAR SIN EIGENVERDI

Frivillige er frie og villige til å gjera det dei vil. Det må dei få lov til å vere elles døyrr det frivillige engasjementet i organisasjonane og frivilligheita ut.

4. FORENKLING GJEV MEIR FRIVILLIG INNSATS

Tida som blir brukt på byråkrati er tid som kunne vore brukt på frivillig innsats. Gjennomfør tiltak som gjer søknadsskriving, rapportering og kontakt med kommunen enklare.

5. LEGG TIL RETTE FOR ORGANISASJONAR SI UTVIKLING

Vis organisasjonane tillit og legg til rette for at dei kan nå sine egne mål. Då når kommunen også mange av sine måla.

6. SKAP DIALOG MED ORGANISASJONANE

Skap faste møteplassar for organisasjonane. Rådfør dykk med frivilligheita. Gje kommunalt tilsette opplæring i mangfaldet av frivillige organisasjonar, slik at dei kan invitera fleire folk til å bli med. Hugs at frivillige ofte jobbar, så møte må vere etter arbeidstid!

7. ANERKJENN OG STØTT OPP OM FRIVILLIGHEITA

Dei frivillige organisasjonane er vaktbikkja i samfunnet og skaper lokalsamfunnsutvikling, kunnskap, sosiale møteplassar, tilhøyrslø, opplæring i demokrati, og er helsefremjande.

8. GI FRIE MIDLAR

Frie midlar er ein føresetnad for at det frivillige engasjementet kan vekse på eigne premissar.

9. IKKJE KONKURRER MED ORGANISASJONANE

Legg til rette for betre rekruttering av frivillige til organisasjonane. Ikkje stel dei frivillige frå organisasjonane for å utføra kommunale tiltak.

10. SKAP FØRESEIELEGE RAMMER

Føreseielege rammer skaper berekraftig drift og utvikling i organisasjonane. Eit døme er å leggja til rette for lokale som frivillige organisasjonar kan bruke.



FRIVILLIGHET NOREG KAN HJELPE KOMMUNAR I Å UTVIKLE EIN FRIVILLIGPOLITIKK

KOMMUNEBESØK

Skap møteplassar mellom kommunen og lag og foreiningar

- I møte med kommuneleiinga fokuserer me på den meirverdien deltaking i frivillige lag og foreiningar skaper, og korleis kommunen kan leggja til rette for auka dialog og samhandling med frivillige lag og foreiningar.
- I møte med frivillige lag og foreiningar fokuserer me på rolla til frivilligheita i utviklinga av lokalsamfunnet, og verdien av auka dialog og samhandling med kommunen. Det blir lagt til rette for dialog der foreiningane kjem med innspel til kommunen sin frivilligpolitikk. Frivillighet Norge lagar ein rapport med tilrådingar. Kommunen står for den praktiske sida av arrangementa, og Frivillighet Norge for det faglege innhaldet. Kommunebesøk er kostnadsfritt for kommunen.

KARTLEGGING AV LOKALE LAG OG FOREININGAR

Kartlegging av frivillige lag og foreiningar i kommunen

- Svært få kommunar har oversikt over breidda og mangfaldet blant dei lokale foreiningane. Frivillighet Norge tilbyr å gjennomføre ei undersøking som kartlegg kva for nokre ulike typar lag og foreiningar som finst i kommunen, ressursane i foreiningane, graden av samarbeid med kommunen, næringslivet og andre foreiningar, og dessutan mål og utfordringar. Rapporten kan brukast som kunnskapsgrunnlag i utviklinga av kommunen sin frivilligpolitikk, og i andre kommunale planverk der frivillig sektor blir omtalt som ein viktig lokal samfunnsaktør. Kartlegginga blir utført som eit konsulentoppdrag der kostnadsramma er avhengig av storleiken på kommunen.

RAMMEVERK FOR EIN KOMMUNAL FRIVILLIGPOLITIKK

Utforming av ein frivilligpolitikk

- Mange kommunar som skal utvikle ein frivilligpolitikk ved å lage ein frivilligplan, temaplan eller strategi, er usikre på korleis ein går fram. Frivillighet Norge tilbyr bistand i å utvikle eit rammeverk for ein frivilligpolitikk tilpassa kommunen. Premissen for samarbeidet er at det ferdige dokumentet skal gå gjennom ei politisk handsaming og vedtakast i kommunestyret. Slik bistand blir utført som eit konsulentoppdrag der kostnadsramma er avhengig av omfanget på oppdraget.

Sjå samhandlingskoden.no for meir informasjon.